



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Vår dato
09.11.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/12554 461.3
Dykkar referanse

Tysseland Arkitektur AS
Meland kommune

Tilbakemelding på spørsmål om avrenning fra byggefelt i Meland

Vi viser til brev fra Tysseland Arkitektur AS 5. oktober 2018, og til Meland kommunes rammeløyve for opparbeiding av utomhusareal – delfelt B5 – Mjåtveitmarka av 13. september 2018.

Meland kommune har i sitt vedtak bl.a. sett vilkår om at før ein kan søkje om løyve til igangsetjing må plan for utbygging og tilhøve til Kvernhusbekken vere avklart med Fylkesmannen i Hordaland og NVE.

Relevant regelverk i tillegg til plan og bygningslova

Vassressurslova

NVE er styresmakt for fysiske inngrep i vassdrag etter vassressurslova. Vi viser til NVE når det gjeld bekkelukkinga.

Fjerning av kantvegetasjon langs vassdrag er søknadspliktig, jf. § 11. Fylkesmannen er myndighet etter denne paragrafen.

Naturmangfaldlova

Alle tiltak som kan påverke natur skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12.

Forureiningslova

Vanleg forureining frå mellombels anleggsverksemde er tillate, jf. § 8 første ledd punkt 3. Omgrepet «vanleg forureining» går på forureiningas art, omfang og verknader. Er den konkrete verknaden unormalt skadeleg for miljøet så vil ikkje forureining bli rekna som vanleg. Det som typisk blir rekna som «vanleg forureining» er reversible konsekvensar som tar slutt når anleggsfasen er over.

Eksempel på tilfelle som ikkje blir rekna som vanleg forureining er:

- Nærliggjande vassdrag med betydelege brukarinteresser står i fare for å bli øydelagde
- Forureining som ein lett kan unngå

Fylkesmannens fråsegn

Det finst framleis individ av elvemusling i Mjåtveitelva, og det er eit mål at vasskvalitet og levevilkåra skal bli gode nok til at ein kan reintrodusere elvemusling til vassdraget.

Fylkesmannen meiner at vi i denne saka har eit nærliggjande vassdrag med betydelege brukarinteresser. Det vil sei at partikkelforeining av Kvernhusbekken og Mjåtveitelva ikkje er tillate. Det er vist til at det finst to sedimenteringsbasseng og det er skildra ulike tiltak for å hindre forureinande avrenning. Det er tiltakshavars ansvar å gjennomføre prosjektet på ein slik måte at det ikkje fører til forureining, og ha nødvendige planar for avbøtande tiltak dersom der er nødvendig.

Meland kommune kan stille krav til å ta vare på ytre miljø i sine vedtak etter plan- og bygningslova jf. TEK17 som seier at byggverk skal prosjekterast og oppførast på ein måte som medfører minst mogeleg belastning på naturressursar og det ytre miljø. I rettleiinga til § 9-1 i TEK 17 står det at ein skal vurdere miljøpåverknaden og utarbeide miljømål. Miljømål og miljøtiltak må følgjast opp jamleg i prosjektet, på lik linje med funksjonelle, tekniske og økonomiske omsyn.

Fylkesmannen meiner at Meland kommune kan stille miljøkrav til gjennomføring av tiltaket etter plan og bygningslova, og følgje dette opp ved tilsyn.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.